



## Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

### Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning  
med Bergmesteren for Svalbard  
Postboks 3021 Lade  
7441 Trondheim

E-post: [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)  
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50  
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker			
Fullstendig navn/firma Helleik Magne Jeiskelid		Organisasjonsnummer 970 225 684	
Postadresse Smylemovegen 4		Postnummer 4754	Sted Bykle
Land Norge		Hjemmeside	
Telefonnummer 970 24 712	Mobiltelefon 970 24 712	E-postadresse	

2. Opplysninger om området		
Navn på uttaksområdet/uttaket Smylemoen	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer Gnr. 16 bnr. 16 og 20	Kommune Bykle
Størrelse på omsøkt areal (daa) 82	Anslag totalvolum uttak (m <sup>3</sup> ) 63 000 m <sup>3</sup> fast + 140 000 m <sup>3</sup> lausmasse	Forventet årlig uttak (m <sup>3</sup> ) 4 000 m <sup>3</sup>

3. Opplysninger om forekomsten	
3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler <input checked="" type="checkbox"/> Statens mineraler <input type="checkbox"/>
3.2. Drives det på forekomsten i dag?	Ja <input checked="" type="radio"/> Nei <input type="radio"/>
3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet):  Området er vurdert til å være en viktig ressurs, egnet for råstoffutvinning, i følge Norges geologiske undersøkelse (NGU) i 2005. Området omfatter løsmasse, steinbrudd og myruttak samt lagerområde for massene og vekstjord.	



#### 4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel Steinbrudd og massetak

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja  Nei

**Hvis ja**, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Smylemoen massetak

Vedtaksdato: 7.2.2011

**Hvis nei:**

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja  Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

---

---

#### 5. Vedlegg til søknaden

**Med søknaden skal alltid vedlegges:**

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

**Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker**

**6. Eventuelle tilleggsopplysninger**

Det foreligger godkjent driftsplan for området, vedlagt.

*Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.*

**7. Underskrift**


Sted og dato

Hovden, 28/10-15

Underskrift

HELLEIN JEISNELIJ

# Konsesjonsområde Smylemoen i Bykle kommune



### Tegnforklaring

 Konsesjonsområder

Kart produsert ved DMF 07.10.2019  
UTM 33

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF); Direktoratet for mineralforvaltning; Direktoratet for Mineralforvaltning; Direktoratet for mineralforvaltning (DMF); Kartverket, Geovekst og Kommuner - Geodata AS; Directorate for mining with the commissioner of mines at Svalbard



1:4 000




69300 000000 69400 000000 69500 000000 69600 000000 69700 000000 69800 000000 69900 000000 70000 000000 70100 000000 70200 000000 70300 000000

6609500 000000  
6609600 000000  
6609700 000000  
6609800 000000  
6609900 000000  
6610000 000000  
6610100 000000

# Smylemoen i Bykle kommune

Konsesjonsområde



955 Smylemoen

960 Skarsmo

81DAA

Under behandling

1869 Steggjane

### Tegnforklaring

 Konsesjonsområder

Kart produsert ved DMF 07.10.2019

UTM 33

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF); Direktoratet for mineralforvaltning; Direktoratet for Mineralforvaltning; Kartverket, Geovekst og kommuner - Geodata AS; Direktoratet for mineralforvaltning (DMF); Directorate for mining with the commissioner of mines at Svalbard



1:4 000



69300 000000 69400 000000 69500 000000 69600 000000 69700 000000 69800 000000 69900 000000 70000 000000 70100 000000 70200 000000 70300 000000

6610100 000000  
6610000 000000  
6609900 000000  
6609800 000000  
6609700 000000  
6609600 000000  
6609500 000000

# DRIFTSPLAN

## for massetak Smylemoen



del av gnr. 16 bnr. 16 og 20 i Bykle kommune

Planen er oppdatert av Ingvild Hovden  
10.6.2019 i samband med søknad om  
driftskonsesjon. Oppdatert informasjon er lagt  
inn med blå skrift.



Hovdenkontoret

 **at plan**  
Fyresdal Næringshage

**3870 Fyresdal**

**Prosjekt – Nr.: 147**

**Dato: 09.08.2010**

**Retta: 19.01.2011**

<b>Tittel</b> Driftsplan for massetak for Smylemoen i Bykle kommune		
<b>Prosjekt Nr.</b> 147	<b>Prosjektnavn</b> Driftsplan - Smylemoen	<b>Sider</b> 21
<b>Prosjekttype</b> Driftsplan		<b>Dato</b> 09.08.2010
<b>Prosjektansvarlig</b> Gunhild Austjord	<b>Kontaktperson oppdragsgivar</b> Helleik Jeiskelid	
<b>Ekstrakt</b> <p>Grunneigaren av gnr. 16 brn.16 ynskjer å utvide eksisterande masseuttak, sidan aktuelt område for utviding ligg utanfor gjeldande regulert massetak i arealdelen.</p> <p>I samband med reguleringsarbeidet er det utarbeidd ein driftsplan, etter krava til Direktoratet for mineralforvaltning.</p>		

## Innhald


<b>1</b>	<b>GRUNNLAGSDATA.....</b>	<b>4</b>
1.1	TILTAKSHAVAR OG MASSETAKET SIN STORLEIK	4
1.2	EIGEDOMSFORHOLD, AVTALER OG RETTIGHETAR	5
1.3	GODKJENT REGULERINGSPLANKART MED FØRESEGNAR	6
1.4	KARTGRUNNLAG	6
<b>2</b>	<b>BAKGRUNN FOR OPPDATERING DRIFTSPLAN .....</b>	<b>6</b>
2.1	Drift i dag .....	7
<b>3</b>	<b>OMTALE.....</b>	<b>11</b>
3.1	KOMMENTARAR TIL KART (VEDLEGG 1 TIL 3)	11
	3.1.1 <i>Kommentarar til kartgrunnlag</i>	11
3.2	DRIFT (UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR OM DRIFTA)	12
	3.2.1 <i>Dagens situasjon</i>	12
	3.2.2 <i>Framtidig situasjon</i>	12
	3.2.3 <i>Tilkomstveg / driftsveg</i>	13
	3.2.4 <i>Uttaksvolum, uttakstid og driveretning</i>	13
3.3	KOMMENTARAR TIL BESKRIVING AV MINERALFOREKOMST OG PLANLAGT UTTAK	14
<b>4</b>	<b>ISTANDSETTING / AVSLUTTING.....</b>	<b>16</b>
4.1	SPESIELLE TILTAK / TRYGGLEIK	16
	4.1.1 <i>Skjerming mot støy</i>	16
	4.1.2 <i>Skjerming mot innsyn</i>	16
4.2	AVSLUTNING/ISTANDSETTING	17
	4.2.1 <i>Etterbruk</i>	17
	4.2.2 <i>Fjerning av tekniske anlegg</i>	17
	4.2.3 <i>Forming av terrenget i steinbrotet</i>	17
	4.2.4 <i>Revegetering</i>	17
4.3	KOMMENTARAR TIL BESKRIVING AV OPPRYDDING OG SIKRING	18
	4.3.1 <i>Adgang og merking</i>	18
	4.3.2 <i>Sikring</i>	18
	4.3.3 <i>Rensk av bruddveggar</i>	18
	4.3.4 <i>Istandsetting og sikring av ferdig uttatt areal</i>	18
4.4	KOMMENTARAR TIL BESKRIVING AV OMSYN TIL NATUR OG OMGJEVNADER	19
4.5	KOMMENTARAR TIL PLAN FOR OPPRYDDING/ AVSLUTNING	20
<b>5</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>21</b>



## 1 Grunnlagsdata

### 1.1. Tiltakshavar og massetaket sin storleik

Helleik Jeiskelid, grunneigar av gnr. 16 bnr.16, ynskjer å utvide eksisterande masseuttak på Smylemoen i Bykle. Området er vurdert til å vere ein viktig ressurs, eigna for råstoffutvinning, ifølgje Norges geologiske undersøkelse (NGU) i 2005. Eksisterande uttak omfattar ca. 12,5 daa og ligg inne som eksisterande masseuttak i kommuneplanen sin arealdel for Bykle kommune. Massetaket skal utvidast med ca. 69,5 daa til totalt ca. 82 daa. Uttaksvolum for det utvida området er berekna til maksimalt 63 000 m<sup>3</sup> fast fjell, og omlag 140 000 m<sup>3</sup> lausmasser.



Bilete 5: Verdivurdering av grus og pukk. Henta frå NGU sine WMS tenestar via Arealis på nett.




Omsøkt konsesjonsområde er heile arealet som er regulert til dette føremålet, det vil seie området som er skravert med rosa på dette kartet. Området er på totalt ca. 82 daa.

Det er likevel ikkje konkrete planer om å utvide uttaksområde utover det som ein på biletet kan sjå at det allerede er starta uttak av.

## 1.2. Eigedomsforhold, avtaler og rettigheter

Uttaksområdet ligg på gnr. 16 og bnr.16 kor eigar er Helleik Jeiskelid, samt på delar av naboeigedomen gnr. 16 og bnr.20 med eigar Bjørn Erling Bakken Auestad.

Tiltakshavar har inngått avtale om uttak av grusmasse med Bjørn Erling Bakken Auestad



Bilete 6: Kart med eigedomstilhøve og eksisterande masseuttak i gjelande kommuneplan (mørkeraudt)

### 1.3. Godkjent reguleringsplankart med føresegner

Samstundes med fremjing av driftsplanen blir reguleringsplanen sendt til handsaming i kommunen. Uttaksområdet er regulert til formål *steinbrot/ masseuttak* og til formål *LNF* for buffersone mot vatn og restområde (sjå vedlegg 4 - Driftsplan / Arealdisponering )

### 1.4. Kartgrunnlag

Kartgrunnlag for området har ekvidistanse på 1m. Feltarbeidet er utført med hjelp av PDA og GPS, samt supplert med registreringar i kart og ortofoto. Flyfoto er nytta som grunnlag i planarbeidet, samt innsynstenestar/WMS tenestar.

## 2 Innleiing/ bakgrunn for oppdatering av driftsplan

Grunneigar og tiltakshavar Helleik Magne Jeiskelid driv massetaket på Smylemoen. Masseuttaket har vore i drift i om lag 25 år.

- Reguleringsplanen «Smylemoen massetak» blei vedteke godkjent 7.2.2011.
- Det er levert inn driftsrapportar kvart år.
- Det ligg føre avtale om uttak av masser også på gnr. 16, bnr. 20 med grunneigar Bjørn Erling Auestad Bakken.
- Direktoratet for mineralforvaltning godkjente driftsplan for Smylemoen i 2011, ref. 11/00047 – 2.
- Det er sett krav om driftskonsesjon for Smylemoen, ref. 15/00352.
- Søknad om driftskonsesjon blei send inn 11.11.2015.
- 12.02.2019 sende direktoratet oppmoding om meir informasjon i samband med søknad om driftskonsesjon (ref. 15/01566-9), og legg ved ei omfattande sjekklister med kommentarar om manglande informasjon.

I samband med søknad om driftskonsesjon var me i dialog med seniorrådgjevar Thomas Furunes i Direktoratet for mineralforvaltning. Han skriv følgjande:

*«Driftsplanen som ble godkjent i 2011 kan være en del av søknad om driftskonsesjon, det er ikke nødvendig å lage noen ny driftsplan. Jeg vil imidlertid be om at dere tegner inn dagens situasjon på et kart slik at vi vet hvordan situasjonen er i dag. Dere kan godt ta utgangspunkt i et av de kartene som ligger ved driftsplanen og bare markere på dette. I forhold til søknadens punkt 5.2, er kartet som ligger ved driftsplanen (side 13) tilstrekkelig.»*

Direktoratet har likevel krevd meir omfattande dokumentasjon, og derfor er altså denne driftsplanen oppdatert.

## 2.1 Drift i dag

Som innsende driftsrapportar viser er det ikkje veldig stor aktivitet/ stort uttak i massetaket dei siste åra. Helleik Magne Jeiskelid er eigentleg pensjonist, men driv framleis firmaet og ønskjer å leggje til rette for at andre kan ta over og drive også i framtida.


På dei neste sidene er oversikt og bilder som viser omfang og utstrekning av drift i dag.

**Smylemoen massetak**

Dato: 10.06.2019

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N



Flyfoto viser regulert område, og ein kan sjå kva område som er utnytta. Bildet er nokre år gammalt, men uttaksområde er ikkje utvida over det som blir vist på bildet. Vedlegg har rett målestokk.



Bilde frå 16.5.2019 viser området for uttak av fjell. Bruddveggen ligg mot nord-aust. Til venstre i bildet ser ein at vrakmassar blir nytta til å fortløpande fyller inntil bruddkant. Det vil bli sett opp midlertidig gjerde over bruddvegg i september 2019.



Oversiktsbilde frå 16.5.2019 viser steinbruddet til venstre, og plass for knusing og lagring av massar til høgre.



Bilde frå 16.5.2019 sett mot sør. Viser lagring av massar og vegen som går ned til uttaket av elvegrus.



Bilde frå 16.5.2019 sett mot nord. Steinbrudd til høgre, adkomst til massetak til venstre.



Bilde frå 16.5.2019 sett mot nord. Viser område for uttak av elvegrus. Skimtar steinbrudd og lagring oppe til høgre.

## 3 Omtale

### 3.1 Kommenterar til kart (vedlegg 1 til 3)

*Oversiktskaret* (vedlegg 1) viser plassering av masseuttaket, aust for Rv9 om lag 7 km nord for Bykle sentrum på 660 – 690 moh. Området ligg i ein elvedal og grensar i vest mot elva Otra (*Detaljkart*, vedlegg 2). I *Landskapsplanen* (vedlegg 3) er det vist planen si avgrensing, tilkomstveg, nåverande og framtidig drift. Vidare er det markert gardsplassen til tiltakshavaren, som er einaste busetnad i nærleiken. Vegetasjonsbeltet og ein eksisterande rygg for skjerming mot garden er også synleggjort. I kartet *Landskapsplanen med snitt* er det framstilt eit snitt gjennom planområdet, som går frå elva gjennom lausmasse-, vekstjord- og steinbrotområdet og sluttar på fjellryggen. Bileta på dette kartet gjev inntrykk av området og skogen rundt.

#### 3.1.1 Kommenterar til kartgrunnlag

I sjekkliste pkt. 4.6 er det kommentert ei rekke manglar i kartgrunnlag som er send inn tidlegare. Me stiller spørsmål ved at dette treng vere så omfattande, sidan driftsplan med tilhøyrande kart altså er godkjent.



Me har lagt inn nokre ekstra detaljar i vedlagt oversiktskart. Kart med reguleringsplan viser formålsgrenser/ arealdisponeringar. I tillegg er det lagt inn informasjon om sikring og anna i skisser i dette dokumentet.

Me meiner dette bør vere tilstrekkelig informasjon for å gi konsesjon til eit massetak som allereie har ein godkjent driftsplan.

## **3.2 Drift (utfyllande opplysningar om drifta)**

### **3.2.1 Dagens situasjon**

Dagens uttaksområde ligg berre på eigedomen gnr. 16 bnr.16. Masseuttaket har vore i drift i om lag 15 år og omfattar ca. 12,5 daa. Avstand til vassdraget Otra er mellom 160 og 220m. Skog omsluttar heile uttaksområdet.


### **3.2.2 Framtidig situasjon**

Ønska utviding av grustaket er tenkt sør og vest frå eksisterande uttak. Ei 50m buffersone mot Otra blir grense i aust. Heile uttaksområdet vil omfatte 72,5 daa, av dette ca. 28 daa med lausmasse, ca. 10 daa steinbrot (framtidig), ca. 16 daa myruttak samt lagerområde for massene og vekstjord (sjå *vedlegg 3 – Landskapsplan*).

Riggområde for lagring av uttekne masser ligg ved inngangen av området og skal også i framtida brukast som lagringsområde.

### 3.2.3 Tilkomstveg / driftsveg

Som tilkomst inn til området nyttast eksisterande avkjørsel frå Rv 9, via kommunal veg fram til gardstunet. Eksisterande driftsveg derifrå inn til riggområde skal også nyttast framover. Sjå kart under.



Bilete 7: Oversiktskart som viser tilkomstveg.

### 3.2.4 Uttaksvolum, uttakstid og driveretning

Arealet til eksisterande massetak og områda som skal nyttast i driftsperioden er vist på kart sjå vedlegg 3 - Landskapsplan. Område omfattar 72 dekar totalt, av dette ca. 60 dekar nyregulert areal.

Uttaksvolum for det utvida området er berekna til maksimalt 63 000 m<sup>3</sup> fast fjell, og omlag 140 000 m<sup>3</sup> lausmasser.

Uttaksperioden leggast opp til 15 år, med moglegheit til forlenging. Svingingar i marknaden må takast med i betraktning og er vanskelege å forutsjå.

Sprengingsverksemd er avgrensa frå måndag til fredag mellom kl. 07.00 – 19.00, i tillegg til at det ikkje kan vere drift på offentlege høgtidsdagar.

Steinbrotet skal takast ut etappevis. Naturlege avsatsar etter sprenging skal takast vare på for istandsetjing med litt varierende pallhøyde på 10 – 12 m. Det er naturleg å halde fram slik dagens uttak har vore gjort, altså vidare drift frå vest til aust. (vedlegg 6).

Riggområde samt driveretning for uttak av lausmasse og myr er likeså vist på dette illustrasjon.

### 3.3 Kommentarer til beskriving av mineralforekomst og planlagt uttak

Ref. sjekklister pkt. 4.2 og manglende informasjon om «Planlagte salgsprodukter og utnyttelsesgrad av ressursen» samt pkt. 4.3 om planlagt uttak.

Salsprodukt som er aktuelle å hente ut også framover er:

Produkt	Gjennomsn. uttak 2013 - 2018	Anslag årlig uttak framover
Stein	1544 m <sup>3</sup>	1500 m <sup>3</sup>
Pukk	905 m <sup>3</sup>	900 m <sup>3</sup>
Grus	601 m <sup>3</sup>	650 m <sup>3</sup>
Torv/ myrjord	80 m <sup>3</sup>	80 m <sup>3</sup>

Berekna uttaksvolum:

Produkt	Berekna i driftsplan 2010	Ca tatt ut 2011 - 2018	Berekna rest
Fast fjell	63 000 m <sup>3</sup>	14 000 m <sup>3</sup>	49 000 m <sup>3</sup>
Lausmassar	140 000 m <sup>3</sup>	16 000 m <sup>3</sup>	124 000 m <sup>3</sup>

Det vil seie at med om lag same aktivitet framover står det att massar som vil vere nok til drift i om lag 30 år framover. Aktiviteten kan kome til å både auke og minke, så dette er altså eit anslag. Driftstid for uttaket er ikkje fastsett. Totalt berekna uttaksvolum er likt som i godkjent driftsplan.

Maksimal uttakedybde for lausmassar er om lag 3,5 meter. Maksimal uttakedybde i steinbrotet er om lag 12 meter.

#### Plan for disponering av vrakmassar

Vrakmassar blir nytta til å pusse opp i grustaket, og fyller opp mot bruddvegg steinbrudd fortløpande. Dette er vist på bildet under.



Bilde frå 16.5.2019 viser vrakmassar brukt for å fylle inntil bruddkant fortløpande, og lagra for pussing og fylling av massetaket.

## 4 Istandsetting / avslutting

Kapittelet skal omtale korleis massetaket skal settast i stand og sikrast under drift og ved avslutting.



### 4.1 Spesielle tiltak / tryggleik

#### 4.1.1 Skjerming mot støy

Det lagt inn støytiltak i føresegnene i reguleringsplanen.

#### 4.1.2 Skjerming mot innsyn

Dagens uttaksområde er lite synleg frå vegen og området rundt, sidan skogen/skogbeltet er bevart. Vegetasjonsbeltet skal også i framtida ivaretakast mot elva og Rv 9.



Bilete 8: Illustrasjon – Sikt frå parkeringsplassen ved Rv 9

## 4.2 Avslutning/istandsetting

### 4.2.1 Etterbruk

Når masseuttaket er avslutta skal område gå over til Landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen (LNF område).

### 4.2.2 Fjerning av tekniske anlegg


Etter avslutning av drifta skal alle tekniske anlegg, som avfall, utstyr til drift, maskiner og bygg fjernast. Med dette skal det unngåast fare for menneske og dyr og danne utgangspunkt for istandsetting av området.

### 4.2.3 Forming av terrenget i steinbrotet

Anbefalte pallhøgder for kratervegg er ca. 8 meter (Handbok 178, Statens Vegvesen), slik at vegetasjonen kan skjule inngrepet.

Kraterveggen i steinbrotet vil i gjennomsnitt få ei høgde på 10m. Det er derfor truleg ikkje nødvendig å lage fleire pallar. Det rådast til å fylle opp med lausmasse som vist i illustrasjon 5, hellinga bør ikkje vere brattare enn 1:2.

Lausmassane (ca. 14 000m<sup>3</sup>) blitt tatt vare på under uttaksdriften og lagrast separat (lagerområde for vekstjord som er visst på kart landskapsplan).



*Bilete 5: Eksempel for oppfylling og beplantning for å skjule fjellskæring  
(Statens vegvesen Håndbok 178, Planlegging av massetak)*

### 4.2.4 Revegetering

Den visuelle verknaden av uttaket reduserast med revegetering. Samstundes blir erosjonsskader hindra. For revegetasjon skal det brukast vekstjord, som blir tatt vare på i løpet av drifta. For å få ein raskare "tilbakeføring" kan det eventuelt etablerast ein botndekkevegetasjon (gras, lyng eller urter), tilpassa området.

### 4.3 Kommenterar til beskriving av opprydding og sikring

Ref. sjekklister pkt. 4.3.2 og oppmoding om å lage eit eige kapittel om sikring.

#### 4.3.1 Adgang og merking

Massetaket ligg skjerma til. Ein må køyre gjennom det private tunet til Helleik Jeiskelid for å kome til massetaket. Vegen inn til massetaket er skilta med fare/ anleggsområde. Det er ingen turveggar eller stiar i området. Generelt er dette ikkje eit område der folk ferdast.

#### 4.3.2 Sikring

Sikring av adkomst er beskrive i forrige punkt. Den høgste brotveggen er 7-8 meter. Vegg blir fylt inntil fortløpande med vrakmasse. Ein meiner ikkje det er behov for sikring, sidan det ikkje er folk som ferdast i dette skjerma og utilgjengelige området – men etter tilbakemelding frå direktoratet blir det likevel sett opp eit midlertidig gjerde i september 2019 for å sikre brotveggen.


#### 4.3.3 Rensk av brotveggar

Brotvegg blir reinska fortløpande for lause stein med gravemaskin, etterkvart som det blir sprengt.

#### 4.3.4 Istandsetting og sikring av ferdig uttatt areal

- Det blir fortløpande fylt inntil brotvegg med vrakmassar, så det blir naturlige skråningar. Entreprenør har sjølv tilstrekkelig med morenemasser for bruk til dette føremålet. Om det likevel skulle bli behov for meir, så er dette noko andre entreprenørar som jobbar i distriktet gjerne vil kvitte seg med.
- Fylling blir gjort heilt til toppen av brotvegg, så det ikkje blir att nokon brotvegg over dette.
- Ved tilbakefylling vil ein utføre dette med stabil hellingsvinkel som vil gi ei skråning med helling på maks 1:2.

Ytterlegare sikring er ikkje nødvendig.



Einaste adkomst til området er skilta med fare/ anleggsområde.

Bruddvegg blir fortløpande renska med gravemaskin, og så fylt inntil med vrakmassar for utforming av naturlig skråning. Det blir i tillegg sett opp midlertidig gjerde for å sikre bruddkanten.

Det er ikkje farlige kantar/ skråningar utover bruddveggen i nord-aust som blir sikra som beskrive.

#### 4.4 Kommenterar til beskriving av omsyn til natur og omgjevnader

Ref. sjekklister pkt. 4.4 og manglande informasjon.

Trafikkbelastning i nærområdet er ikkje ei relevant problemstilling. Transport skjer på privat veg ut til riksveg. Det er ikkje andre fastbuande langs denne vegen, som er ein blindveg inn til det private tunet til Helleik Jeiskelid. Som tidlegare nemnd er det generelt svært lite trafikk og folk i



området, og aktiviteten sjenerer derfor ingen. Området er omgjeve av skog.

Naturlige terrengformer blir ivareteke utover sjølve området for uttak, og utforming av massetaket gjer at avrenning til vassdrag ikkje er noko problem. Avrenningar går i grunnen. Drifta er i tråd med det som er godkjent i reguleringsplan, og påverkar ikkje naturmangfald utover det som er regulert/ godkjent.

#### 4.5 Kommenterar til plan for opprydding/ avslutning

Ref. sjekklister pkt. 4.5 der det er markert 3 moment som ikkje er godt nok opplyst.

- Etablering av kunstige innsjøar; dette er ikkje ei relevant problemstilling for dette massetaket – då det ikkje er/ blir kunstige innsjøar på området.
- Det er per i dag ikkje problem med erosjon og frostsprengning som følgje av overflatevatn. Dersom det skulle oppstå problem, vil ein løyse dette ved skråningar og drenering.
- Avrenning er ikkje noko problem, slik massetaket er utforma. Ved avslutning må ein vurdere faktiske tilhøve då, og eventuelt gjere tiltak i form av drenering og drens rør.

Fyresdal 09.08.2010

Revidert 19.01.2011

For **AT Plan as**



Gunhild Austjord  
Jordskifte kandidat



Kathrin Hinz  
Sivilingeniør

Oppdatert 25.9.2019:



Ingvild Hovden

## 5 Vedlegg

### Kartgrunnlag

- Vedlegg 1 - Oversiktskart (1:50 000)
- Vedlegg 2 – Detaljkart
- Vedlegg 3 - Eksisterande situasjon
- Vedlegg 4 - Landskapsplan med snitt


### Driftskart

- Vedlegg 5 - Driftsplan / Arealdisponering
- Vedlegg 6 - Profilar lausmasse
- Vedlegg 7 – Profilar steinbrot
- Vedlegg 8 - Avslutningsplan
- Vedlegg 9 - Profil avslutning


### Vedlegg i samband med oppdatering

- Vedlegg 10 – Oversiktskart Smylemoen
- Vedlegg 11 – Kart reguleringsplan Smylemoen med høgdekurver


Vedlegg 1 - Oversiktskart





Vedlegg 2 - Detaljkart



Vedlegg 3 – Eksisterende situasjon



Vedlegg 4 - Landskapsplan med snitt



**TEIKNEFORKLARING**

- Planens avgrensning
- Gardsbruk
- Vegtilkomst
- Dagens uttaksområde
- Steinbrot (framtidig)
- Myruttak (framtidig)
- Lausmasse (framtidig)
- Vegetasjonsbelte
- Lagerområde for massene
- Lagerområde for vekstjord
- Eksisterende fjellrygg

Kartgrunnlag: n5  
 Kartprodusent: Statens Kartverk  
 Kartmålestokk: 1:3 000 (i A3)

0 50 100 Meter N

**LANDSKAPSPLAN**


**Masseuttak ved Smylemoen**

BYKLE KOMMUNE  
April 2010


TILTAKSHAVER:  
Helleik Jeiskelid

PLANEN UTARBEIDET AV:  
**at plan**  
AT Plan, 3870 Fyresdal


Vedlegg 5 - Driftsplan / Arealdisponering



LAUSMASSE - PROFIL A - A



LAUSMASSE - PROFIL B - B



### Masseuttak ved Smylemoen


BYKLE KOMMUNE  
April 2010

TILTAKSHAVER:  
Helleik Jeiskelid

PLANEN UTARBEIDET AV:  
  
 AT Plan, 3870 Fyresdal




STEINBROT - PROFIL C - C



Ved tilbakefylling vil ein utføre dette med stabil hellingsvinkel som vil gi ei skråning med helling

STEINBROT - PROFIL D - D



**Masseuttak ved  
Smylemoen**

**BYKLE KOMMUNE**  
April 2010


**TILTAKSHAVER:**  
Helleik Jeiskelid

**PLANEN UTARBEIDET AV:**


 **at plan**

AT Plan, 3870 Fyresdal

Vedlegg 8 – Avslutningsplan



## Vedlegg 9 – Profil avslutning



## Vedlegg 10 – Oversiktskart Smylemoen




## Oversikt Smylemoen (A4)

Dato: 10.06.2019

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N



Vedlegg 11 – Kart reguleringsplan Smylemoen med høgdekurver



© 2019 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap




# Oversikt Smylemoen (A4)
















































Dato: 10.06.2019


Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N



## Tegnforklaring

	Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (PBL1985)
	Anna veggrunn
	Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985 § 25,1.h)
	Frisiktsone ved veg
	Reguleringsplan PBL 1985 - linjer og punkt
	Grense for restriksjonsområde
	Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12)
	Steinbrot og masseuttak
	Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infra
	Veg
	Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsliv
	LNFR areal for nødvendige tiltak for LNFR
	Reguleringsplan- Bruk og vern av sjø og vassdrag
	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strand
	Reguleringsplan-Omsynsone (PBL2008 §12-6)
	Angittomsynsone - Omsyn friluftsliv
	Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008
	Angittomsyngrense
	Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008
	Regulerings- og utbyggingsplanområde
	Planen si avgrensing
	Formålsgrense
	Regulert senterlinje
	Frisiktslinje
Abc	Påskrift feltnavn
Abc	Påskrift reguleringsformål/arealformål
Abc	Påskrift areal
Abc	Påskrift breidde
<b>Matrikkelkart</b>	
	Grunneiendom
	Hjelpelinje veg
	Hjelpelinje fiktiv
	Hjelpelinje vannkart
	Grense <= 30 cm
	Grense < 200 cm
	Grense < 500 cm
	Grense >= 500 cm
<b>Høydeinformasjon</b>	
	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 5m
	Forsenkningkurve 1m
x	Toppunkt
x	Forsenkningpunkt
<b>Eiendomsinformasjon</b>	
Abc	Gårds- og bruksnummer
<b>Bygninger</b>	
	Taksprang Bunn
	Bygning - Boligbygg
	Bygning - Andre bygg
	Annen bygning
	Bygning punkt
	Takriss
	Veranda
	Bygningslinje
	Taksprang
	Mønelinje
	Låvebru



**TEGNFORKLARING**

**PBL § 25 REGULERINGSMÅL**  
**BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5, NR.1)**  
 1201 - Massetak

**SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, NR.2)**  
 2010 - Veg

**LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDER (PBL § 12-5, NR.5)**  
 5001 - LNF generalisert

**BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5, NR.6)**  
 6001 - Bruk og vern, sjø og vassdrag

**LINJESYMBOL**  
 - - - - - Reguleringsplanomriss  
 - - - - - Reguleringsplan formålsgrense  
 - - - - - Regulert senterlinje  
 - - - - - Hensynsonegrense

**HENSYNSONER (PBL § 12-6)**  
 / / / Friluftsliv (H530)

Kartgrunnlag: n5  
 Digitalisering, redigering og grafisk utforming utført av KH  
 Ekvidistans 5m /1m  
 Kartmålestokk: 1:1 500 (i A2)

0 25 50 100 Meters

Revisjon	DATO	SAKSNR.	SIGN.
<b>DETALJREGULERING AV MASSTAK FOR SMYLEMOEN</b>			Målestokk/Ekv.: 1:1 500/ 1 m
DEL AV GNR. 16 BNR. 16 OG 20 I BYKLE KOMMUNE			Koordinatsystem: Euref 89
SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN-OG BYGNINGSLOVEN			Forlagstiller: Helleik Jeiskelid
1.gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			Dato: 09.08.2010
Offentlig ettersyn fra ... til ...			DATO
2.gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			SAKSNR.
Kommunestyrets vedtak:			SIGN.
<b>BYKLE KOMMUNE</b>	PLANEN UTARBEIDET AV:		Saksbehandler
	AT Plan 3870 Fyresdal		Tegningsnummer



# FØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN SMYLEMOEN, DEL AV GNR. 16 BNR. 16 og 20 I BYKLE KOMMUNE

Føresegnene gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet.

## **REGULERINGSFØREMÅL (PBL. § 25)**

### **Bebyggelse og anlegg (PBL § 12 - 5, nr. 1)**

- Steinbrot og masseuttak

### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 - 5, nr. 2)**

- Køyreveg

### **Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF) (PBL § 12 - 5, nr. 5)**

- LNF

### **Hensynssoner (PBL § 12 - 6)**

- Friluftsliv

## **1. FELLES FØRESEGNER**

1.1. Etter at reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje tillate med privat avtaler å etablere forhold som er i strid med føresegnene.

1.2. Krav om drifts- og avslutningsplan

Drift og sikring av steinbrotet og masseuttaket skal skje i samsvar med driftsplan godkjent av Bykle kommune og Bergvesenet.

1.3. Rekkefølgjekrav

Før det vert gjeve igangsettingsløyve skal det føreligge godkjent driftsplan for området.

For vidare drift skal det inngåas utbyggingsavtale for massetaket mellom grunneigar / entreprenør og kommunen.

Når masseuttaket er avslutta skal område attende til over til Landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen (LNF område).

1.4. Bygning

Innan område for masseuttak kan det oppførast bygg inntil 30 m<sup>2</sup> BYA som er nødvendig for drifta.

1.5. Kulturminne

Dersom det i samband med tiltak i marka oppdagast automatiske freda kulturminne, skal arbeidet stansast dersom det råkar kulturminna og tilhøyrande sikringssone på fem meter. Melding om funn skal straks sendast kulturminneavdelinga i Fylkeskommunen jfr. Lov om kulturminne § 8, andre ledd.

## **2. Busetnad og anlegg (PBL § 12 - 5, nr. 1)**

- 2.1. Arealet omfattar uttaksområde, område for knuseverk, lagerområde, trafikkområde, riggområde og annen aktivitet som høyrer med til drifta.
- 2.2. Driftstider i masseuttaket skal være mellom 07.00-19.00, måndag til fredag. Drift i masseuttaket er ikkje tillete på heilagdagane. Driftstidene gjeld ikkje for transport av masser.
- 2.3. Støymåling og støyvurdering i massetaket skal gjennomførast fyrste gong det vert etablert mobilt knuseverk. Målingane skal gjennomførast av tiltakshavar og rapport leggast fram for planstyresmakta i Bykle kommune.
- 2.4. Støv frå steinbrot og produksjonsanlegg må til ein kvar tid haldast innanfor grensene fastsett av Miljøvernedepartementet (SFT).
- 2.5. Ved utgraving skal toppsjiktet med matjord leggast til side.
- 2.6. Knusing, lossing og lasting med maskin og utstyr skal skje innanfor regulert område, jfr. driftsplan.
- 2.7. Det kan etablerast nødvendige dreneringsgrøfter frå uttaksområde og ut til elva. I samband med dreneringsgrøfter skal det etablerast eit basseng for sedimentering av finpartiklar. Tiltakshavar er ansvarleg for at det vert iverksett avbøtande tiltak som slamfang eller liknande for å hindre skadeleg avrenning av finmatriale og slam til Otra.
- 2.8. Uttak og istandsetting av steinbrotet skal skje etappevis.
- 2.9. Naturlege avsatsar som står igjen etter sprenging skal tas vare på og brukast for istandsetting.
- 2.10. Istandsetting av området etter avslutta drift skal skje i samsvar med driftsplan.

## **3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 - 5, nr. 2)**

- 3.1. Køyreveg  
Ingen føresegner.

## **4. Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF) (PBL § 12 - 5, nr. 5)**

- 4.1. Landbruk  
Ingen føresegner.

## **5. Hensynssone (PBL § 12 - 6)**

- 5.1. Friluftsliv  
I området innanfor hensynssona skal eksisterande vegetasjon søkast ivareteke. Enkel rydding/ tynning er tillate.

← Alle arter av særlig stor forv.int, områder... ☰

Alle arter av særlig stor forv.int, områder > ⋮

Art: rein (Rangifer tarandus)  
Id: Observations/Miljodir/villrein/BV00000214

Alle arter av særlig stor forv.int, områder > ⋮

Art: rein (Rangifer tarandus)  
Id: Observations/Miljodir/villrein/BV00000187

Viser 1 - 2 (Totalt: 2)

◀ ◀ Side 1 av 1 ▶ ▶

🏠 Hjem 🗺 Kartlag 🔍 Alle arter av ...

